Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68

Fylke: Nordl.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Hattfjelldal

Emne: Bålbrenning

Bygdelag:

Oppskr. av: M. Bakken

Gard:

(adresse): Hattfjelldal

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Sp.

1. Bål eller fyr. Båe desse namna ~~er~~ blir brukt omlag like mykkje.

2.

Det er helst til Jonsok og Olsok, at dei brenner bål. Når dei brenner Jonsok bål, pla dei seia, at dei gjer „Jönsokfyr," og når dei brenner Olsokbål, seier dei at dei brenn „Olsokbål,"

3.

Er bålet uvanleg stort seier dei, „at dä va då pettele e bål." Og er varmen berre liten, seier dei „Dä va då berre en liten fyr."

Tida.

4.–5. Det har visst ikkje vore skikk her å brenna bål i jolehelga.

6.–7. Det har heller ikkje vore skikk å brenna bål i paske-helga.

14135

sp. svar.

8. a. Det har altid vore skikk at å brenna bål om Jonsokkvelden, „at gjer Jönsokfyr."
c. Likeeins har det vore mykkje brukt, å gjer Olsok bål.

9.-10. Fyr i lida då her var fullt av varg og bjönn i skogen, brende dei ofte bål i skogen utetter sumaren for å skremma udyra frå bumarka.

11.-12.-13.
Det var for det meste gjætarane som stod for ballbrenninga i skogen og det var om dagen dei gjorde dette. Jonsok-båla vart brende Jonsokeftan, sist på dagen, utetter kvellen og natta.
Det var likesom ein fest dette, „at gjer Jönsokfyr."

14.-15. Båla vart helst brent der det var lettast å sanka ihop mykkji brennvyrkje som t.d. turr kvist, bar o.l. Var det rudningsvardar skulde dei brennast antin Jonsok eftan eller Olsokeftan, og av desse rudningsvardane vart det nok svære bål.

16. Det var nok skikk at det skulle brennast minst eit bål på kvar gard.

2 3

sp. svar.

17. Fyrr i tida då det var utrygt for udyra, og dei mykkjegodt pla ha kröttöra i kver eller grinder om natta var det vanleg å nöra opp ein liten eld ved grindane om kvellen.

Dú som skiller med bålet.

18.-19.-20.-21.

Det har vore skikk her at alle som greidde å koma seg ut, var med på bålbrenninga, gamle og ungar, gjekk fyrst heim; men ungdomen heldt det ofte gåande heile natta.

22. Kjenner ikkje til dette.

Litt om bålbrenninga her i innlands bygdene.

frå sp. 23.-35. Her i innlandsbygdene er nok av brennevyrke, I skogen kann ein altid sanka ihop noko til eit bål. Fyrst på kvelden når båla skal brennast på gardane, har ikkje storleiken noko å seia, det er berre om at det blir brent noko.

Seinare når ~~f~~ ungdomen i grenda samlast, er det om å gjera å få til riktig stor bål, og då har det nok hendt at det har gått gamle tjörutunnor i elden.

14135

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

sp. Svar.

Kva bålet skulle tena til.

36–39. Etter gamal overtru skulle elden og røyken driva burt alle vonde vete som t.d. utbord, draug, trollkjerringar og meir slikt, så folk og fe kunne få leva i fred.
Seinare når dei gjorde „Jonsokfyr." pla folk seia, at dei skulle brenna trollkjerringane frå garden.

Sjølve festen ved bålet.

40. „Jonsok fest," er eit kjent og kjært namn her.
41.–42. Folk var nok ved bålet fyrst på kvelden; men som fyrr nemd heldt ungdomen lengst ut.
43. Dei hadde med seg det beste av mat og drikke som dei hadde, stundom hadde dei litt brennevin og, til å stiva opp humøret med.
44. For det meste sprang dei og leika seg kring bålet; men så hende det og at dei fekk hug å dansa, og då bar det no helst på ein låve med flokken.
45–48. Har ikkje høyrd noko om dette.

14135
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

3 5

Sp. Svar

Om det har noko å seia kann det nemnast litt om matskikkane i Jonsokhelga. Jonsokefton skulle det vera rymegraut, og Jonsokdags-morgon skulle det serverast lefse, egg og gomme. Det var og ei tru med smøret som vart kjinna Jonsokefton, av det gøymde altid kjerringane noko til medisinsk bruk seinare.

49. No er nok folket her og så opplyst, at dei veit at trua med balbrenning er berre noko tull.

50 Skikken med å brenna bål har nok minka litt; men dei fleste meiner nok at det er ein nasjonal skikk som bør haldast i hevd.

51. Grunnen til at skikken har minka, er nok den at det er eit slikt jag over folket, at dei støtt har så lite tid.

14135

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING